



Fylkesmannen i Hordaland

POWER NORGE AS AVD DROTNINGSVIK
Postboks 43 (JE)
1483 Hagan

Bergen, 13. desember 2018

Dykkar ref.:
Gustav Holmedal

Vår ref.(oppgi ved svar):
2018/14843
Sakshandsamar:
Silje Tingstad

Rapport etter inspeksjon ved Power Drotningvik

Kontrollnummer: 2018.135.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Gustav Holmedal
Bjørn Jørgensen

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Silje Tingstad
Diana Eidem

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Power Drotningvik 21. november 2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Hordaland avdekka 1 avvik og ga 2 merknader under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Oppbevaring av EE-avfall
- Informasjon om mottak av EE-avfall
- Lagring av EE-avfall med sensitive data

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Silje Tingstad
overingeniør

Diana Eidem
overingeniør

Kopi til: Bergen kommune

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: POWER NORGE AS AVD DROTNINGSVIK	
Organisasjonsnr.: 974989514	Eigd av: 977047838
Bransjenr. (NACE-kode): 47.540 - Butikkhandel med elektriske husholdningsapparater	

Kontrollert eining

Namn: Power Drotningssvik	Anleggsnr.: 1201.0826.01
Kommune: Bergen	Fylke: Hordaland
Anleggsaktivitet: Produktforhandler	
Løyve gitt: -	Sist endra: -

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for EE-avfall hos forhandlarar.

Tilsynet ble gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

Tema for aksjonen var forhandlars plikt til mottak, sortering og oppbevaring av EE-avfall, og plikta til å informere om dette.

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Power Drotningstvik pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Power Drotningstvik innan 15. februar 2019 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber også om at verksemda sender inn ei kort utgreiing av korleis merknader er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmhopostmottak@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Hordaland v/Silje Tingstad.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda 20. november 2018. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventta ressursbruk må Power Drotningstvik betale eit gebyr på kr 5 200,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 5 for tilsyn av inntil en dags varighet. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Hordaland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda si oppbevaring av EE-avfall er mangelfull

Avvik frå:

Avfallsforskrifta § 1-5

Kommentarar til regelverket:

Forhandlar skal sørge for at EE-avfall som er motteke vert sortert frå anna avfall og vert oppbevart på eigna stad, som ikkje er skjemma eller fører til fare for forureining eller skade på menneske eller dyr. Moglegheita for førebuing til ombruk, materialgjenvinning og utsortering av komponentar i EE-avfallet skal ikkje bli redusert. Det vil normalt bety at avfallet må lagrast på fast dekke og skjerma for vêr og vind. Forhandlar skal setje i verk tiltak for å forhindre tjuveri av EE-avfall.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

Småelektronikk vert oppbevart i opne bur ute og kvitevarer i opne container utan tak. Verksemda hadde eit skilt om at tjuveri ikkje var tillate, men dei hadde ikkje gjort andre tiltak mot tjuveri. Lageret for EE-avfall er ikkje skjerma for vêr og vind og kan føre til risiko for forureining og redusere moglegheita til ombruk, materialgjenvinning mm. av EE-avfallet.

Mottak av lysstoffrøyr var ved inngongen til butikken. Det var overfylt. Lysstoffrøyr stakk ut og sparepærer låg på golvet. Det var også ein avfallssekk med lysstoffrøyr ute ved mottak for anna EE-avfall. I tillegg var det ei full kasse med lysstoffrøyr inne på lageret. Verksemda opplyste at dei snart burde levere lysstoffrøyr. Lysstoffrøyr og sparepærer kan innehalde kvikksølv, så forsvarleg lagring er nødvendig for å unngå fare for forureining og skade på menneske og dyr.

7. Merknader

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Oppbevaring av EE-avfall med sensitive data

Kommentarar:

EE-avfall med sensitive data vert normalt oppbevart i låst container rett innanfor inngangen til lageret. Ved tilsynet var denne kassa ikkje låst. Ein kunde hadde tidlegare kasta feil pc i kassa, og verksemda måtte derfor klippe låsen for å finne att pcen. Verksemda bør få ny lås til containeren for EE-avfall med sensitive data.

Merknad 2

Informasjonen til kundar om mottak av EE-avfall

Kommentarar:

Verksemda hadde oppslag om mottak av EE-avfall ved inngangen til butikken, men hadde ikkje oppslag i resten av butikklokalet. Verksemda bør vurdere ytterlegare oppslag i butikklokalet.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- forureiningslova med underliggjande forskrifter
- avfallsforskrifta kapittel 1 om kasserte elektriske og elektroniske produkt
- internkontrollforskrifta

9. Brosjyrar

Faktaark M-116/2014 Når EE-produkt blir avfall

<http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M116/M116.pdf>

Faktaark M-297/2015 Gebyr ved kontroll

<http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M297/M297.pdf>